



## Statens vegvesen

### Vedlegg til reguleringsplan Merknader til kunngjøring

Detaljregulering av rv. 9 Neset ble kunngjort den 23.12.2021 og brev sendt 03.01.2022. Frist for merknader var 20.01.2022. Det kom inn 6 merknader til kunngjøringa. Oppsummering av merknadene og Statens vegvesen sine kommentarer følger av tabellen under.

Merknad frå	Oppsummering	Statens vegvesen sin kommentar
<b>Offentlege etatar</b>		
1	Bygland kommune	
	<p>I møte til Plan- miljø og ressursutvalet den 01.02.2022 vart det fatta fylgjande vedtak:</p> <p>Bygland kommune er positive til framlagde oppstart av planarbeid for kurveutbetring langs Rv 9 Neset.</p> <p>For å førebu eit ønska framtidsbiletet endå meir tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, så hadde det vært ønskeleg at planområdet blir utvida med tanke på å leggje tilhøva til rette for framtidig bygging av Gang - og sykkelveg mellom Grendi og Byglandsfjord.</p> <p>Ein ber Statens Vegvesen vurdere moglegheitene for å utvide planområdet til å gjelde strekninga fram til 2 odde nord for Revsnes og eventuelt til Grendi.</p>	<p>Prosjektet er ei punktvis utbedring av kurvene sør for Neset camping. Det er difor ikkje innafor dette prosjektets mandat å utvide planområdet, eller å leggje til rette for framtidig gang og sykkelveg.</p>

2	Statsforvalteren i Agder	<p>Statsforvaltaren vil minne om at dersom planforslaget avviker vesentleg frå gjeldande plan, må forslagsstillar vise kva for konsekvensar avvika medfører, jf. pbl § 4-2. Planbeskrivinga må vise kva planen vil medføre for dei interesser og omsyn som gjer seg gjeldande i området. Manglar ved planbeskrivinga vil kunne vere ein sakshandsamingsfeil.</p> <p>Statsforvaltaren vil påpeike at all planlegging etter plan- og bygningslova skal ivareta estetiske omsyn, jf. pbl. § 1-1 femte ledd. Både arealbruksformål i reguleringsplanen og reguleringsføresegn bør nyttast for å sikre estetiske omsyn.</p> <p>Ved utarbeiding av planar for utbygging skal kommunen sikre at det blir gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. pbl. § 4-3. Klimaendringar/ klimatilpassing skal også inngå i analysen, i den samanheng sjå bl.a. <a href="http://www.klimatilpasning.no">www.klimatilpasning.no</a>. Ei oppsummering av ROS- analysen skal inngå i planbeskrivinga. Tiltak for å hindre eller avgrense uønskete hendingar må takast inn i planen som arealformål, omsynssoner eller generelle føresegn jfr. pbl. §§ 11-7 til 11-10 og §§ 12-5 til 12-7.</p> <p>Vi minner om at areal berre kan byggjast ut dersom det er tilstrekkeleg sikkerheit mot fare eller vesentleg ulempe som følge av natur- eller miljøforhold jfr. pbl. § 28-1. Planavgrensinga grenser/overlappar fleire stader avgrensinga til Botnfjell naturreservat som er under førebuing. Statsforvaltaren vil be om at det ikkje planleggjast tiltak innfor avgrensinga til det foreslådde</p>	<p>Ivaretas i planomtalen,</p> <p>Blir teke til etterretning</p> <p>ROS-analyse er utarbeidet</p> <p>I utgangspunktet er det målsetning å ikkje ha tiltak innafor Botnfjell naturreservat, men pga tilstrekkelig sikkerheit mot naturfare kan det det være naudsynt å gjere midlertidige tiltak innafor grense. Dette fordi det er</p>
---	--------------------------	---	--

	<p>verneområdet, og at planavgrensninga snevrast inn slik at den ikkje vil vere i konflikt med det framtidige naturreservatet.</p> <p>Statsforvaltaren ber også om at det takast omsyn til registrert førekomst av lind ved rasteplass sør i planområdet. Omsynet til naturmangfaldet i området må vurderast og gjerast reie for, i tråd med naturmangfoldlovens §§ 8-12. I tråd med § 7 i same lov skal vurderingane gå fram av plandokumentet. Manglar ved planbeskrivinga vil kunne vere ein sakshandsamingsfeil.</p> <p>Statsforvaltaren minner om at kantvegetasjonen langs vassdrag er lovbeskytta etter vannressursloven § 11. Videre minner vi om at tiltak i vassdraget vil kunne vere søknadspiktig etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, og at eventuelle utfyllingar vil kunne vere avhengig av eget løyve etter forureiningsregelverket, sjå <a href="https://www.statsforvalteren.no/nb/agder/Miljo-og-klima/Forurensning/mudring-og-dumping/">https://www.statsforvalteren.no/nb/agder/Miljo-og-klima/Forurensning/mudring-og-dumping/</a>.</p> <p>Statsforvaltaren ber elles om at følgande vert vurdert og gjort reie for i det vidare planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Klima- og energiplanlegging, jf. pbl § 3-1 første ledd bokstav g. –</li><li>Støy, sjå retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442/2016. –</li><li>Estetisk utforming/landskapestetikk, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.</li><li>-Universell utforming, jf. pbl. § 1-1 femte ledd.</li><li>- Vannforskrifta § 12.</li></ul>	<p>lausmasser på korte strekningar der det muligens må gjerast tilak for å oppnå sikker stabilitet. Det har vore dialog med statsforvalter rund dette.</p> <p>Nødvendige søknader etter forurensningsregelverket, fysiske tiltak i vassdrag og kantvegetasjon vil sendes Statsforvalter når reguleringsplan er vedtatt og byggeplanarbeidet er i gang.</p>
--	--	--

3	Agder Fylkeskommune, brev av 20.01.2022	<p>Fylkeskommunedirektøren har følgjande innspel ved oppstart av planarbeidet:</p> <p>Landskap Det vil være viktig med ein landskapstilpassa arrondering av fyllingar mot naturterreng/vann og at denne blir tilsådd med stadbunden vegetasjon.</p> <p>Fysiske tiltak i vassdrag/forvaltning av vatn Ved inngrep i vassførekomstar er det viktig å ivareta miljømåle i vannforskriften, jf. § 4 -7. Tiltakshavar er ansvarlig for at nødvendige tiltak iverksettast slik at vassførekomstar ikkje blir svekka. Det må innhentast kunnskap om dagens tilstand, og ein må anslå og vurdere påverkingsgrad av nytt tiltak.</p>	<p>Sjå vurdering av landskap i planbeskrivelsen.</p> <p>Sjå vurdering av landskap i planbeskrivelsen.</p>
4	NVE	<p>NVE sine konkrete innspel:</p> <p>Skredfare</p> <p>Deler av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred, jf. NVE Atlas. Det må difor gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet, og det må dokumenterast at sikkerheita er ivareteken og at tiltaket kan gjennomførast, jf. krav i plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17 § 7-3 med rettleiing. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg skredfagleg kompetanse. Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen som omsynssone (jf. pbl. § 12-6), og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel</p>	<p>Sjå geologisk rapport.</p>

	<p>tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.</p> <p>Flaum og erosjonsfare</p> <p>Aktsemdskart for flaum (jf. NVE Atlas) viser potensiale for flaum i planområdet, og den reelle faren for flaum må avklarast med vurdering av fagkyndig. Generelt gjeld at areal som vert overfløymd ved 200-års flaum skal synast i plankartet som omsynssone H320, jf. pbl. § 12-6, og ha føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.</p> <p>Vi viser til NVE sin retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar (revidert 22. mai 2014).</p> <p>Klimatilpassing og overvasshandtering</p> <p>Reguleringsplanen bør gjennom bruk av reguleringsføre mål, omsynssoner og føresegner sørge for at dei areala som er best eigna til overvasshandtering, og som truleg er nødvendig for ei sikker vasshandtering, ikkje blir bygd ut. Tiltak, konstruksjonar og anlegg som er nødvendige for gjennomføring av planen, bør vere lokalisert innanfor plangrensa. Sjå elles informasjon om overvatn på NVE si heimeside:</p>	<p>Byglandsfjorden er regulert med høgaste regulerte vass stand på kote 203. Vegbanen er lagt minimum på kote 204,85</p> <p>Sjå vurdering om overvatn i planomtale.</p>
--	--	---

		<p><a href="https://www.nve.no/arealplanlegging/overvann-i-arealplanlegging/">https://www.nve.no/arealplanlegging/overvann-i-arealplanlegging/</a>.</p> <p>Energianlegg</p> <p>Eit velfungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.</p>	<p>Byglandsfjorden er allereie regulert. Tiltaket (utfylling i fjorden) er så lite at det ikkje påvirker forholda her.</p>
5	Agder Energi Nett (nå Glitre Nett)	<p>Innspill i forbindelse med oppstart av planarbeid Rv 9 Neset i Bygland kommune. Ref: 21-269330-3.</p> <p>AE Nett har en 22kV høyspentkabel som kan komme i konflikt med dette krosjektet.</p> <p>Denne er markert med rød stiplet strek på vedlagt kart.</p>	<p>Statens Vegvesen er klar over høgsentkabelen og er i dialog med nettselskapet for korleis dette kan løysast i anleggsfasen.</p>
<b>Andre</b>			
6	Torfinn Hageland	<p>Har vore naturlos for tur frå Neset (Tjoveneset) opp til topps av Årdalsnåpen, og har utarbeidd ei liste over alle dei heietoppene som ein kan sjå der ifrå.</p>	<p>Tas til etterretning</p>

	<p>Dette er ein mykje brukt turiststi. Det kan ein sjå på trakket. Turiststien tek opp frå innsida av den svingen som nå skal utbetrast.</p> <p>Har de tenkt på ei omlegging av turiststien?</p> <p>Ville det ha gått an å sprengje inn ein avsats øvst i skjeringa, helst frå søre enden av svingen, med stigning nordover langs skjerings topp, opp til det nivået der han vil treffe Årdalsnape–stien høgare oppe?</p> <p>Med å la den omlagde turiststien starte frå søre enden av svingen, vil omlegginga kunne kombinerast med parkeringsplassen for Tjøvhedder–stien som tek opp straks sønnanfor.</p> <p>Årdalsnape er eit kjent og kjær turmål, både for fastbuande og for turistar, med vidt utsyn over mest heile Agder og heilt ut til sjøen.</p>	